

# Samarbeid med foreldre i åpne barnehager

Foreldrene som følger barna sine i en åpen barnehage skal ta aktivt del i det daglige arbeidet.

---

**ARTIKKEL** | SIST ENDRET: 19.09.2019

---

I rammeplanen blir det slått fast at foreldresamarbeid både skal skje på individnivå, med foreldra til hvert enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom til dømes foreldreråd og samarbeidsutval.

## Turfellesskap og foreldresamarbeid

Barnehagen skal bidra til at ungene får kjennskap til naturen og høve til å utforske naturen og mangfaldet i han. Personalet skal leggje til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring.

### Refleksjonsspørsmål

- Kva for mål har vi for turaktivitetane og korleis kan vi nå dei?
- Korleis kan få foreldra til å delta på turaktivitetane?
- Korleis kan vi leggje til rette for at foreldre og barn opplever å bli ein del av fellesskapen når vi er ute på tur?

## Tur og uteaktivitet i opne barnehagar

I open barnehage, der foreldra er saman med ungene gjennom heile dagen, gir desse krava både særigne

moglegheiter og ekstra utfordringar. Utgangspunktet her er at foreldra og personalet i open barnehage har ansvaret saman for at barnet trivst og lærer. Det betyr at personalet og foreldra ikkje berre skal samarbeide om planlegging av aktivitetar som gir barna naturopplevingar. Foreldra må også delta i gjennomføringa av aktivitetane. Dette er éin av fleire grunnar til at mange opne barnehagar som ønskjer å tilby tur og uteaktivitetar, i praksis ikkje får dette til.

I open barnehage er det frivillig å delta, og ein treng ikkje melde frå om ein kjem eller ikkje. Aktivitetane som er annonserte, eller som er på visse vekedagar, har mykje å seie for om foreldra prioriterer å kome eller ikkje. På dagar då det er tur- og uteaktivitetar, må personalet lykkast med å engasjere foreldra på førehand for å få dei til å kome i barnehagen og bli ein del av turfelleskapen.

## **Praksiseksempel – turfelleskap og foreldresamarbeid**

### **Engasjement og forplikting frå foreldra er nøkkelen**

Ein open barnehage på Vestlandet har lagt mye vekt på turfelleskap og har lykkast med å engasjere foreldre og barn i turaktiviteten. Dei begynte med å setje seg tydelege mål for kva turdagane skulle vere. Deretter reklamerte dei aktivt og målretta for denne aktiviteten. Dei hadde oppdaga at ein lapp på veggen om turdag ikkje var nok til å motivere foreldra til å bli med.

For å gjere foreldra nysgjerrige laga dei ein brosjyre som presenterte alle turane som skulle finne stad i løpet av dei næraste vekene, og kva aktivitetar dei skulle innehalde. Dei valde ut fengjande bilete og la vekt på å presentere praktisk informasjon rundt aktivitetane på ein tydeleg måte. I tillegg blei Facebook aktivt brukt som informasjonskanal.

Eit av dei viktigaste tiltaka for å få foreldra til å delta på turaktivitetane var å involvere dei praktisk i opplegget. Det var tydeleg at engasjementet og forpliktinga frå foreldra auka når dei fekk bidra aktivt:

Det kan vere å bidra med mat, ta ansvar for kostymet til eit eventyr som vi planlegg i skogen, ta med eit instrument dei spelar som kan brukast til samling, og så vidare. Det er godt å oppleve at det er «vi» som skaper noko saman, og at ein ikkje berre er ei passiv brikke. Å delta aktivt i eit opplegg kjennest meir forpliktande – det er nokon som er avhengig av at eg kjem. Det er ei god kjensle.

Barnehagen hadde brukt mykje tid på å finne fram til spennande og attraktive aktivitetar som både store og små kunne like – til dømes sjokoladepremiar frå påskeharen og blåbær frå trollet.

Gjennom turfellesskapen erfarte dei tilsette at foreldra knytte venskap med kvarandre og danna nye sosiale nettverk, på tvers av alder, kjønn og kultur. Dette kan vere svært viktig og motiverande for nokre av foreldra i open barnehage.

Mange heimeverande foreldre har eit tett og rikt sosialt nettverk, men det er også mange som saknar dette. Dei som har behov for eit større sosialt nettverk lokalt, kan vere nye på staden, dei kan vere nyleg busette flyktingar, dei kan vere tilflytta unge foreldre utan familie i nærleiken eller fedrar i barselpermisjon som har lyst til å kome i kontakt med andre fedrar, osv. For desse gruppene kan høvet til å bli kjend med andre i lokalsamfunnet vere den viktigaste grunnen til at dei oppsøker open barnehage.

### **Kreative løysingar bidreg til at fleire blir med ut på tur**

I den opne barnehagen på Vestlandet var erfaringa at mange av deltakarane på turdagane fekk med seg gode opplevingar og ein god fellesskap. Samtidig var det ei utfordring at det var dei same kvar gong som deltok, og at dette gjerne var foreldre som allereie var aktive turgjengarar. Slik blei det ei kjernegruppe som alltid deltok på turane, samtidig som dei opplevde det som vanskeleg å nå fram til dei andre foreldra i barnehagen. For å bøte på dette gjorde dei nokre enkle grep:

Vi såg at ikkje alle klarte å forstå vegen opp til hytta, og heller ikkje kva for ein buss dei skulle ta for å finne oss. Vi begynte derfor å møte opp der dei budde. Dette gjaldt i særleg grad dei som budde på asylmottaket i byen. Vi begynte då å avtale med dei dagen i førevegen, og anten henta vi dei med bil, eller så tok vi bussen saman med dei opp. Dei sette stor pris på dette og gav tydeleg uttrykk for at både dei og barnet deira hadde stor glede av å få kome seg ut i naturen. For mange av dei var det ei ganske ny oppleving.

Sjølv om ein alltid har lyst til å få så mange som mogleg med på tur, var erfaringa i barnehagen at både store og små grupper har sine positive sider. Små grupper har den fordel at alle lettare blir sett og høyrde, og at dei dermed får oppleve at dei er viktige for fellesskapen. For nokre kan det på den måten bli lettare å oppleve tilhøyrse til gruppa. Større turgrupper har på den andre sida den fordel at dei er mindre sårbare om nokon ikkje kjem, og at det er fleire vaksenressursar å spele på i gjennomføringa av aktivitetar som gjer turane attraktive.

### **Variert tilbod har skapt spennande og unike fellesskapsopplevingar**

For å få fleire foreldre og barn til å delta på turdagane har dei tilsette i den opne barnehagen på Vestlandet arbeidd med å gjere foreldra medvitne om turdagane. I tillegg har dei tenkt nytt rundt målet med turdagane og kva aktivitetar som best kan bidra til desse måla. Dette har vore grunnlaget for korleis dei skal leggje opp turane og marknadsføre dei. Slik barnehagen vurderer det, har dette ført til eit betre tilbod og til at deltakarane har ei betre oppleving av turane.

Det har vore så kjekt og inspirerande å setje saman eit program der vi heile tida har tenkt variasjon og fantasifulle og spennande opplevingar. Vi er blitt mykje flinkare til å tenkje at alt er mogleg, og at om vi verkeleg brukar oss sjølve, er det utruleg kva vi kan oppnå ute i naturen ved å skape magiske, spennande, gode og unike fellesskapsopplevingar for barn og vaksne.

Styrar i open barnehage på Vestlandet

**Kva har lokalet å seie for foreldreinvolvering og samspelet mellom ungane?**

Open barnehage er ein møtestad for foreldre og barn der det er høve til å danne nye venskap og nytt nettverk. Det er ein stad der foreldre kan snakke saman med andre foreldre, og der barn kan treffe andre barn i barnehagealder.

## Refleksjonsspørsmål

- Er det fysiske miljøet lagt til rette for barna i vår barnehage?
- Påverkar det fysiske miljøet foreldreinvolveringa i leiken til ungane?
- Påverkar det fysiske miljøet kontakten mellom dei vaksne og ungane?
- Bidreg det fysiske rommet til eit inkluderande miljø?

Open barnehage er likevel meir enn berre ein møtestad – det er ei pedagogisk verksemd som rettleier og støttar foreldra i rolla deira, som gir barn og foreldre nye opplevingar gjennom leik og læring, og som fremjar kommunikasjon, språk og fellesskap.

Eit viktig trekk ved den opne barnehagen er derfor også foreldreinvolveringa i leiken til ungane og at barnehagen legg til rette for at samspelet mellom barn, personale og foreldre kan bli harmonisk. Lokala i open barnehage kan verke inn på korleis leik og korleis vaksne og barn fungerer saman.

## Praksiseksempel – samspel mellom ungar og vaksne

Ein open barnehage på Austlandet opplevde at lokalet ikkje fungerte optimalt for leik og samspel ungane imellom og mellom ungar og vaksne. Det var eit stort, ope rom utan inndelingar, og erfaringa var at lokalet fort blei til eit kaos av leiker. Barnehagen har vanlegvis stor aldersspreiing i barnegruppa, og dei erfarte også at det lett oppstod konflikhtar mellom dei yngste og dei eldste ungane.

Dei tilsette oppdaga også at mange av foreldra samla seg rundt eit stort aktivitetsbord som stod midt i leikerommet, og som dei brukte som «kafébord». På grunn av dette blei merksemda til foreldra lett vend bort frå ungane, og dei blei sitjande og snakke «over hovudet på ungane»:

Mødrene Kari, Mari og Fatima sit ved aktivitetsbordet, og rundt bordet er det berre høge stolar som er tilpassa vaksne. Dei drikk kaffi og

strikkar, og praten går lett. Dei sit med ryggen vend mot ungene, og på bordet er det eit kaos av kaffikoppar, mat og teiknesaker. Sonen til Kari, Isak, spring rundt og riv ned leiker, og slår Anne. Anne græt og får trøyst av mor si, men Kari har ikkje registrert kva som har hendt, og Isak spring vidare. Etter ei lita stund tek Isak med ei bok bort til mor si, som framleis sit ved bordet, og han ber henne lese boka for han. Kari seier at ho berre må drikke kaffien først. Då tek Isak boka og slår henne i hovudet på naboguten.

Denne og andre observasjonar gjorde det klart for dei tilsette at dei måtte få foreldra meir involverte i leiken, men spørsmålet var korleis det skulle skje, og kva dette hadde med det fysiske miljøet å gjere.

### **Foreldra er meir til stades**

Etter at perioden med observasjon var gjennomført og dokumentasjonen samla og reflektert over, kom dei tilsette fram til at dei måtte forandre barnehagelokalet for å gjere det meir funksjonelt og tilrettelagt for leik, læring og godt samspel mellom barn i ulike aldrar, foreldra og personalet. Tiltaket til barnehagen blei å dele det store rommet opp i ulike leikesoner ved bruk av skiljevegger og kommodar.

Leikesonene blei lagde betre til rette for ulike aldersgrupper og ulike leiker. Dei laga ei sone for fysisk leik med puter, tunnelar og sklie og ei sone for rolegare aktivitetar med familiekrok, lese-krok og konstruksjonsleik. Dei eldste ungene fekk også ei eiga leikesone med ulike aktivitetar og eit aktivitetsbord for små Lego-klossar. Vidare blei det høge kaffibordet flytta inn på kjøkkenet, slik at alle måltid og formingsaktivitetar kunne skje der. «Vaksenstolane» blei også fjerna og erstatta med matter og puter på golvet.

Målet med forandringa i lokala var å få til eit meir inspirerande leike- og læringsmiljø i barnehagen. Med desse forandringane kunne organiseringa av rommet betre formidle både kva barn og vaksne kunne gjere i lokala, og korleis dei kunne bruke rommet saman og kvar for seg:

Endringane av rommet har allereie ført til at det oppstår færre konflikhtar, og dei større barna får leike meir i fred. Inndelinga og

avskjerminga av rommet har ført til at ungane har fått eit tilpassa leikemiljø der alle har større høve til å leike ut frå sine egne behov og sitt nivå. I og med at det store aktivitetsbordet blei flytta ut av rommet, og at vi i staden for dei store stolane har fått mange matter på golvet, har foreldra vore nøydde til å setje seg ned saman med ungane. Då blir dei også meir deltakande, og dette har også påverka leikemiljøet positivt. Foreldre og barn har fått meir kontakt på tvers av familiar og kulturar, og det er færre grupperingar. Dette vil truleg igjen føre til eit meir inkluderande miljø. Når foreldra er meir til stades, blir ungane også meir konsentrerte i leiken, og truleg får vi eit betre leikemiljø.

Styrrar i open barnehage på Austlandet

### **Ominnreiing gav betre leikemiljø**

Dei målretta forandringane av lokala har vore svært vellykka, og barnehagen har nådd målet sitt om ei positiv endring i leike- og læringsmiljøet:

Vi har endra barnehagen utan å bruke peikefinger og strenge regelplakatar. I staden har vi gjennom observasjonar av leikemiljøet og ny innsikt som følgje av dette gjort endringar og gjennom det lagt betre til rette for leik og samhandling i barnehagen. Resultatet er at alle, slik vi ser det, har fått eit betre og meir inspirerande leikemiljø, på tvers av alder.

Styrrar i open barnehage på Austlandet

## **Fagartikkel**

Fagartikkelen er skrevet av Inger Benny Espedal Tungland og Margrethe Jernes.

- Mangfoldighet i veiledning og kommunikasjon sammen med foreldre i den åpne barnehagen